


Frivillighetshuset

# Trygg arrangering av møter

Desse reglane må bli fulgt ved møter og arrangement.



## Alle skal halde 1m avstand

Enkel hugseregel: Bruk annankvart bord (=1,2m avstand). Eller mål opp 1m.

Kino-oppsett: Sett fram-føttene til stolane på gul teip-stripe på golvet.



## Før+etter: Vask alle kontaktpunkt

Vask over dørhandtak, bord, stolar og andre kontaktpunkt før møtestart.

Pumpeflaske for overflate er under vasken ved kaffiområdet. Sett tilbake med ein gong, ikkje behald på møterommet.




## Eksterne bør møtast

Har du eksterne deltakarar, bør dei møtast og registrerast inn i første etasje før dei sleppast inn. Ikkje slepp inn framande.



## Registrer alle deltakarar

For smittesporing må det førast liste over alle deltakarar, med kontaktinfo. Dette må oppbevarast i 14 dagar.



## Vurder fleire tiltak.

Ved ti eller fleire personar må det brukast adskilt inn- og utgang til rommet. Ander tiltak bør òg vurderast.



## Maks 24 personar med bord

Det er plass til 24 personar med bord.

Det er plass til ca 40 personar utan bord ("kino-oppsett").

## Råd til alle på huset



## Er du sjuk? Bli heime.


Dersom du hostar eller har feber, bli heime til du har hatt minst ein frisk-dag.



## Vask hendene dine.


Når du kjem inn i etasje di, og regelmessig gjennom dagen.

Desinfisering o.l. er godt alternativ når du ikkje har såpe tilgjengeleg.



## Hald 1 meter avstand. Alltid.

Hald 1 meter avstand frå alle du ikkje bor saman med. Inkludert i heisa. Ta helst trappa om det er mange som skal ta heis.



# KORONA-TILTAK

## KONFERANSESAL 1

Dette rommet har no plass til

**40**

personar på stol  
**utan bord**

Plassér frambeina til stolane på oppmerka gule striper.

Det er mogleg å få inn litt ekstra folk ved å bruke plass ved søyla og plassar heilt bakerst (fjern søppelkasser).


**24**

personar **med bord**

Plassér kvart bord midt på ei gul stripe og la ei stripe vere blank mellom kvart bord.

Sørg for 1,5 meter avstand frå seterygg til neste bord bak, så er det plass til ein person i stolen under møtet :-)

I tillegg er det plass til nokre personar ved tavla (ordstyrarbord)




# Trygg deltaking på møter

"i disse korona-tider"



## Er du sjuk? Bli heime.

Dersom du hostar eller har feber, bli heime til du har hatt minst ein frisk-dag.



## Hald 1 meter avstand. Alltid.

Hald 1 meter avstand frå alle du ikkje bor saman med. Inkludert i heisa. Ta helst trappa om det er mange som skal ta heis.



## Vask hendene dine.

Vatn + såpe fjernar skit frå hendene, ikkje berre virus. Vi anbefalar å bruke handvask ved toaletta.



## Desinfisering elles.

Har ikkje tid, eller kø, til handvask? Bruk dispensaren under. Fordel godt mellom fingrene, og la luft-tørke.